



**Vestlandsforskning**  
Boks 163, 6851 Sogndal  
Tlf. 57 67 61 50  
Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

**VF-rapport nr. 1/2006**

## **Konstruksjon av informasjonsstruktur for tematisk avgrensa informasjonsdomene**

**Innspel til vidareutvikling av LivsIT**

**Terje Aaberge**

# VF Prosjektrapport

<b>Rapport tittel</b>  <b>Konstruksjon av informasjonsstruktur for tematisk avgrensa informasjonsdomene Innspel til vidareutvikling av LivsIT</b>	<b>Rapportnr.</b> 1/2006
	<b>Dato</b> 20.01.2006
	<b>Gradering</b> open
<b>Prosjekttittel</b>  <b>Integrerte kommunale tenesteportalar</b>	<b>Tal sider</b> 20+15
	<b>Prosjektnr</b> 5285
<b>Forskarar</b>  Terje Aaberge	<b>Prosjektansvarleg</b>
<b>Oppdragsgjevar</b>  Sogn og Fjordane Fylkeskommune	<b>Emneord</b> Informasjons-struktur, tesaurus, LivsIT
<b>Samandrag</b>  Dette notatet omtalar vi eit prosjekt gjennomført i samarbeid med Gloppen og Stryn kommune. Målet var å etablera ein informasjons-struktur som representerer dei publikumsretta oppgåvane til ein kommune og å komplettere denne med nokre statlege oppgåver publikum kunne tenkast å ville venda seg til kommunen for å få informasjon om. Notatet omtalar metodane for det teoretiske arbeidet og for testing av resultatet, gjennomføringa av prosjektet og det gir resultatet.	
<b>Andre publikasjonar frå prosjektet</b>	
<b>ISBN nr</b> ISSN: 82-428-0258-0	<b>Pris</b>

**Innhald:**

<b>1. Innleiing</b>	<b>s. 3</b>
<b>2. Semantisk basis for konstruksjon av menybaserte søkesystem</b>	<b>s. 4</b>
<b>3. Prinsipp for konstruksjon av informasjonsstruktur</b>	<b>s. 7</b>
<b>4. Metadata og søk</b>	<b>s. 10</b>
<b>5. Gjennomføring av prosjektet</b>	<b>s. 14</b>
<b>6. Informasjonsstrukturen</b>	<b>s. 15</b>
<b>7. LivsIT-modellen</b>	<b>s. 20</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>s. 21</b>

## 1. Innleiring

LivsIT er eit menybasert søkesystem for informasjon om offentlege tenester på Internett. Det var tenkt som eit alternativ til søkermotorar, som for eksempel norge.no. Å gjera søk i søkermotorar krev ein viss kunnskap, både om kva sökeord ein skal bruka og om korleis meir avanserte søk kan gjennomførast. Likevel vil resultatet ofte ikkje vera særleg relevant. Det kjem av at søkermotorane sitt kartotek har eit stort tal dokument og fordi informasjonen dei ekstraherer frå dokumenta og bestemmer relevansen etter ikkje er presis nok. LivsIT skulle bøta på dette problemet for vanlege brukarar. Dei skal sleppa å kunna dei relevante sökeorda, men velja i ein meny.

LivsIT er no integrert i ein del kommunale vevtenester sjølv om den ikkje er fullt utvikla etter opprinneleg plan. Integreringa kan vera overflatisk, eit eige menypunkt som hentar ut LivsIT-menyen, eller er den er meir omfattande, LivsIT-menyen inngår som ein del av den tematiske menyen i vevtenesta. I alle tilfelle vil eit val i LivsIT-menyen henta ut dokument frå kommunen si vevteneste saman med referansar til relevante dokument frå statlege vevtenester. Brukarane skal kunne få tilgang til informasjon om ei teneste utan, i utgangspunktet å måtta vita kva slags offentleg etat som er ansvarleg for tenesta.

Ei evaluering av LivsIT utført i 2002-2003 vart det klart at strukturen i det eksisterande systemet ikkje er tilfredsstillande. I dette prosjektet har vi konstruert ein informasjonsstruktur som kan vera eit utgangspunkt for ei forbetring av LivsIT – søkesystemet. Det har vore gjennomført som ei suksessiv rekke av oppgåver,

- konstruksjon av ein hierarkisk informasjonsstruktur (taksonomi) som definerer ordar som står for kommunen sine publikumsretta oppgåver
- utviding av informasjonsstrukturen til å omfatta oppgåver utført av statlege institusjonar som publikum ofte tillegg kommunen
- utviding av informasjonsstrukturen ved å identifisera synonym og relasjoner mellom tema ("Sjå også")
- testing av taksonomien
- diskusjon av LivsIT – modellen

Informasjonsstrukturen omfattar berre kommunen sitt ikkje-politiske forhold til innbyggjarane. Vi har teke utgangspunkt i eit bilet av kommunen som ein svart boks som innbyggjarane kommuniserer med ved å ringa, sende brev eller ved å venda seg til ein communal tilsett i ei luke og presenterer sitt ønske. Dei får svar på tilsvarende måte. Kva som skjer inne i boksen i mellomtida er utan interesse for innbyggjarane. For dei fleste er det svaret som tel. Dette svarar godt til brukarane sin kommunikasjon med den kommunale vevtenesta.

Informasjonsstrukturen vi presenterer er ein tesaurus, ein kombinasjon av to strukturar,

- ei hierarkisk ordning av omgrep etter semantisk valør
- assosiativ relasjoner knytt til Sjå også

Den hierarkiske strukturen kan representerast ved hjelp av eit namnerom (semantic web) og dei assosiativ relasjonane som emnekart (topic map).

Prosjektet er gjennomført i samarbeid med representantar for kommunane i Nordfjord. Spesielt Siv Kvalsvik Haugen, Øyvind Blakset, Jan Kåre Fure og Anders Heggdal har lagt ned eit stort arbeide. Utgangspunktet for arbeidet har vore Nasjonal tenestekatalog (etablert av kommuneforlaget), den tematiske menyen i norge.no og tidlegare arbeid med LivsIT [S. Ølnes & T. Aaberge 2003; S. Ølnes 2005].

## 2. Semantisk basis for konstruksjon av menybaserte dokumentsøk

Ein brukar gjennomfører eit menysøk ved å gjera ei rekke val. Kvart av vala er resultatet av (syllogistiske) slutningar som følgjer av premissar basert på ei tolking av menytitlane. Valet bygger på at brukaren utelukkar menytitlar som irrelevante og vel den som for han har størst sannsynlegheit for å dekka informasjonen han søker. For at han skal kunna lukkast må menytitlane vera tematisk avgrensande i forhold til kvarandre og det må vera klart for brukaren kva område dei dekker. Dette kan ein få til ved først å konstruera ein informasjonsstruktur for domenet og bruka den som grunnlag for etablering av menyen.

Konstruksjonen av informasjonsstrukturar er ein del av semantikk (meiningslære) og logikk. Den er basert på strukturen i og tolkinga av syllogismar som

Wittgenstein er filosof  
Alle filosofar er tenkarar  
Wittgenstein er tenkar

Slutningar som denne er reint logiske, uavhengig av meiningsorda måtte ha. Tolkinga av syllogismen er basert på at meiningsordet "filosof" er klassen av filosofar (<filosof>) og til ordet "tenkar", klassen av tenkarar (<tenkar>), og at <filosof> ⊂ <tenkar>, dvs at klassen av filosofar er innehalden i klassen av tenkarar; "tenkar" står for eit meir generelt omgrep enn "filosof"; viss

Wittgenstein ∈ <filosof> så er Wittgenstein ∈ <tenkar>

Dvs. at viss Wittgenstein er eit objekt som gir meiningsordet "filosof" så gir det også meiningsordet "tenkar". I ein informasjonsstruktur som inneheld ordene "filosof" og "tenkar" vil såleis "tenkar" ligge over, men vera knytt til "filosof". Ordene "filosof" og "tenkar" er abstrakte omgrep. Dei er definerte ved hjelp av ei klassifisering og meiningsordene refererer til.

Konstruksjonen av klassifiseringar er basert på same type syllogisme, for eksempel

Wittgenstein er eit menneske  
Alle menneske er dødelege  
Wittgenstein er dødeleg

Semantikken som ligg til grunn for denne slutninga er av same type som i det førre eksemplet, men her refererer dødeleg til ein *eigenskap* ved menneske. Det er ein eigenskap som går inn i definisjonen av <menneske> og som er uttrykt som eit krav av setninga "menneske er dødelege". Eigenskapar kan klassifisarst ved gjensidig utelukking. To eigenskapar som ikkje kan tilhøyra same objekt, tilhøyrrer same klasse.

Desse klassane blir kalla observablar. Eit eksempel er farge. Ein objekt kan ikkje (til same tid) vera både raudt og grønt. Eigenskapane raud og grøn tilhøyrer derfor same klasse, observabelen farge. Vekt, alder og omfang er eksempel på andre observablar.

Ei hierarkisk klassifisering er basert på at ein vel eit sett av uavhengige observablar og klassifiserer suksessivt ved krava som uttrykker at objekta må ha verdiane til observablane. For eksempel klassifiserer ein først med hjelp av fargane, klassen av alle raude objekt, klassen av alle grøne objekt osv., og så klassifiserer ein desse klassane med omsyn til neste observabel osv. Ei klassifisering er ein partisjon, dvs. at ingen element er i to klassar og at alle elementa tilhøyrer ein klasse.

Namna på klassane får då ei unik mening og dei inngår i ein naturleg hierarkisk struktur, taksonomien til klassifiseringa. Vi kan dermed dra slutningar som i den første syllogismen. Det semantiske forholdet mellom ord i taksonomien blir referert til som *arv* og *slektkap*. Eit ord er sagt å arva mening frå ord lenger nede taksonomien; to ord på same nivå er sagt å vera i slekt. Dei er definert av ord frå dei same observablane.

Ein kan også bruka relasjonar til å uttrykkje klassifiseringskrav. Ta syllogismen

Alle brør er slektingar  
Per og Pål er brør  
Per og Pål er slektingar

Her står både ordet "brør" og ordet "slekting" for ein relasjon mellom to objekt. Tolkinga av denne syllogismen føl same skjema som tidlegare. Men no er meininga til ordet "brør" klassen av brødrepar osv. og klassen av slektingar inneholder klassen av brør. Bruken av relasjonar til klassifisering er basert på at ein held fast den eine variabelen og lar den andre variera. På denne måten kan vi bestemme klassen av objekt som er brør til Per. Den består som vi veit av Pål og Espen Askeladd.

Ein taksonomi for eit klassifikasjonssystem kan brukast til å laga eit menybasert søkesystem for dokument som handlar om dei klassifisert objekta. Dokument er knytt til objekta det omtalar og kan ordnast deretter. Sidan dokument kan innehalda informasjon om fleire objekt vil dei dermed måtte knytast til fleire klassar, dvs. fleire taksonomitilar. Ordning av dokument vil derfor vanlegvis ikkje vera ei klassifisering.

Biblioteksystem er eksempel på slik ordning. I eit bibliotek er bøkene ordna i bokhyller. Dei blir også utstyrt med ein kode som fastset posisjonen deira etter emne. Det er ei unik namngiving. Når ei bok kjem til biblioteket produserer bibliotekaren eit kartotekkort som inneholder informasjon om boka, emne, forfattar(ar), publikasjonsår osv., og ein referanse til den fysiske plasseringa i bokhylla. Kartotekkorta blir plassert i eit kartotek ordna etter klassifisering av emne. Viss boka omhandlar fleire emne blir det produsert fleire identiske kort som blir plassert på relevant plass i kartoteket. Søk etter ei bok skjer ved konsultasjon i kartoteket. Ved hjelp av referansen på kartotekkortet finn ein fram til den fysiske boka i hylla.

Søk er syllogistiske slutningar som leier søkeren ned gjennom ein meny som representerer taksonomien for klassifiseringa. Sidan taksonomiane definerer eit

vitskapeleg vokabular vil bruken av søkesistema basert på dei krevja spesialisert kunnskap om domenet. Søkesystem laga for publikum må ta omsyn til at dei ikkje har

- inngåande domenekunnskap
- tilpassa vokabular

Viss brukarane ikkje har naudsynt domenekunnskap kan dei derfor legge inn feil premissar og vil såleis ikkje kunne finne fram til akseptabelt resultat. Eksempelvis er ei tomat for ein botanikar ei frukt, medan dei for folk fleste er ei grønsak.

Konstruksjon av menybaserte søkesystem for publikum må derfor ta omsyn til semantikken i vanleg språkbruk.

### 3. Prinsipp for konstruksjon av informasjonsstruktur

Med informasjonsstruktur meiner vi her ein tesaurus. Det er ei generalisering av omgrepet ”taksonomi”. I tillegg til ei hierarkisk ordning av ord frå vokabularet brukt til å beskriva eit domene, inneheld den også synonym og assosiativ relasjonar mellom orda basert på kravet om utfyllande informasjon (Sjå også). Konstruksjonen av ein slik struktur er basert på semantisk analyse av omgropa, dvs. studiet av korleis dei blir brukt i språket til ei utvald gruppa brukarar, og spesielt korleis omgropa kategoriserer verden (prototyping). Den startar med identifiseringa av vokabularet brukt til å beskriva domenet. Det består av namn på objekta og predikat som står for relasjonar. Neste skritt er å laga omtalar ved hjelp av gitt vokabular, analysere desse og bestemma den semantiske strukturen.

Eit par eksempel frå Nasjonal tenestekatalog vil illustrera korleis dette blir gjort. Dette er ein katalog laga av Kommunenes Landsforbund. Den listar opp dei publikumsretta oppgåvene til ein kommune. Den gir ikkje berre stikkord, men omtalar også nokre oppgåver i heile setningar. Eksempel på setningar ein kan formulere i dette vokabularet er,

Kommunen yter barnevernstjenester  
Kommunen lagar reguleringsplan  
Kommunen gir byggeløyve  
Kommunen yter sosialstønad  
Kommunen driv skatteinnkrevjing  
Kommunen fører branntilsyn

Desse setningane gir eksempel på oppgåver kommunen utfører for innbyggjarane. Dei er formulert ved hjelp av relasjonar mellom ordet ”kommune” og orda som refererer til oppgåver eller klassar av oppgåver. Relasjonane er ”yta”, ”laga”, ”gi” og ”føre”. Vi kan dermed ”klassifisera” med omsyn til desse relasjonane ved å halda ordet ”kommune” fast og variera ordet på den andre plassen. Vi får ein klasse for kvar av relasjonane. Meiningsfulle setningar for ein relasjon peikar ut oppgåver som høyrer til i klassen definert av relasjonen.

Eksempla viser eit viktig krav knytt til val av perspektiv. Perspektivet er her ”kommune”. Det er kommunen sine oppgåver som er klassifisert og det er derfor ordet ”kommune” som blir halde fast i setningane.

Eit anna krav er knytt til uttrykket ”meiningsfulle setningar”. Med det meiner vi at setningane vi formulerer må vera meiningsfulle for brukargruppa systemet er laga for. Setningane må bruke ord og vera formulert slik at brukarane forstår dei. Ein må bruka semantikken i talemålet til brukarane systemet skal lagast for.

Alle orda på andre plassen i relasjonane er namn på klassar eller kategoriar. For eksempel omfattar barnevernstener, besøksheim, fosterheim, hjelpetiltak og omsorgstiltak. Dette er tiltak som hører til barnevernet. Dette kan uttrykkjast som at

Barnevernet tilbyr besøksheimsplatz  
Barnevernet tilbyr fosterheimsplatz  
Barnevernet tilbyr hjelpetiltak  
Barnevernet tilbyr omsorgsovertaking

Sidan relasjonen ”tilbyr” er den einaste som opptrer kan vi sjå bort frå den.

Vi ser at alle orda på andre plassen i relasjonane er samansette ord, ”barnevernstener”, ”regulerings-plan”, osv. Alle samansette ord som har same ending refererer til beslektet oppgåver. Vi kan derfor flytte dette ordet inn i relasjonen, dvs. vi kan forma om setningane, ”kommunen yter tenester innan barnevern” osv. Dvs. vi definerer relasjonane

”yter tenester innan”  
”lagar planar”  
”gir løyve til”  
”yter tilskot til”  
”krev inn”  
”fører tilsyn med”

Relasjonane blir dermed direkte meiningsberande. Meininga er klassane som kjem under dei meiningsberande orda ”tenester”, ”planar”, ”løyve”, ”tilskot”, ”innkrevjing” og ”tilsyn”. Dei arvar meining frå orda dei kan setjast saman med.

Ved hjelp av den skisserte metoden kan vi konstruere greiner som

kommunen  
yter tenester innan  
barnevern  
besøksheim  
fosterheim  
hjelpetiltak  
omsorgsovertaking

eller

kommunen  
tenester  
barnevern  
besøksheimsplatz

fosterheimsplatz  
hjelpetiltak  
omsorgsovertaking

Ein informasjonsstruktur er i hovudsak hierarkisk. Men det kan også finnast assosiativ relasjonar mellom oppgåvene referert til av orda på lægste nivå. Testen er også her formuleringa av meiningsfulle setningar. For eksempel ”barnehageplass er eit hjelpetiltak i barnevernet”. I ei resultatliste for eit søk vil slike assosiativ relasjonar koma under ”Sjå også”.

Ein møter ein del problem under gjennomføringa av konstruksjonen av ein informasjonsstruktur. Det viktigaste er knytt til bruken av synonym. I eksempla over har vi for eksempel ordet ”tilsyn”. Eit synonym til dette ordet er ”kontroll”. I nokre samanhengar er det naturleg å bruke ”tilsyn” i andre ”kontroll”. I naturleg språk er det mange slike tilfelle. Dei gjer at setningane vi konstruerer når vi har valt å bruke eit ord som representant for omgrepene kan verka kunstig. Både av denne grunnen og for å sikra at språket er tilordna brukargruppa bør informasjonsstrukturen testast på brukarar frå brukargruppa systemet er laga for.

Det er fleira typar testar som kompletterer kvarandre,

- individuelle samtalar
- gruppetestar
- brukartesting

Individuelle samtalar går ut på å formulera spørsmål som samtalepartnaren vil svara på med setningar som svarar til dei som blir brukt i etableringa av informasjonsstrukturen; eller bruke desse setningane i vanleg dialog for å sjå om dei blir forstått.

I gruppetestar bruker ein sett med kort der kvar av korta har eit av orda i ordlista. Kvar av gruppene som er med i testen får utdelt eit sett og blir bedt om å kategorisera dei. Etterpå blir dei spurta om kvifor dei gjorde vala som fører til eit anna resultat enn informasjonsstrukturen som skal testast.

I ein brukartest blir testpersonen gitt ei oppgåve. Den består i å finna fram til eit emneord. Han blir presentert for ei liste av ord som tilsvarar første nivå i informasjonsstrukturen og bedt om å velja inngangsord. Han blir deretter presentert for nivået under valet sitt osv. For kvart val blir han spurta om kvifor han gjorde dette valet.

Det er viktig at testpersonane kjem frå brukargruppa systemet skal lagast for. Men denne vil ofte vera for inhomogen til at eit system fullt kan tilfredsstille alle. Ikke alle har same kunnskapen om domenet og dette er reflektert i språket deira. Den endelege informasjonsstrukturen vil derfor ofte vera ein kompromiss. Testar er likevel naudsynte og nyttige fordi dei fører til at ein kan identifisera alvorlege feil.

## 4. Metadata og søk

Ei strukturert omtale av eit elektronisk dokument blir vanlegvis referert til som metadata. Det svarar til eit kartotekkort for dokumentet og kan enten vera direkte knytt til dokumentet eller finnast i eit elektronisk kartotek. Det vil då innhalda referansen til dokumentet. I det første tilfelle vil kartotekkortet ofta vera produsert manuelt av forfattaren og i det siste, automatisk ekstrahert. Automatisk ekstraksjon vil vanlegvis ta omsyn til metadata som ligg i dokumentet.

Søk etter tematisk informasjon på Internett går via søker i elektroniske kartotek. Resultatet er avhengig av kor god omtale kartotekkorta har av dokumenta dei representerer. Automatisk ekstraksjon baserer seg i hovudsak på statistisk analyse av ordval og har derfor klare avgrensingar. Kombinert med manuelt produserte metadata vil den likevel kunna gi relevant omtale. LivsIT er eit elektronisk kartotek. Det vil ha eit veldefinert tematisk omfang. Målet vil vera å utstyr det med kartotekkort som gir relevant omtale av dokumenta dei representerer.

Søk i LivsIT kan enten skje ved at ein skriv inn søkerord og genererer eit søker eller det kan skje ved at ein går gjennom ein meny og klikkar på ein menyittel og dermed genererer søkeret. I begge tilfelle vil resultatet bli presentert med ei primærlista som inneholder referansar til dokumenta som er knytt til det søkte tema og ei "Sjå her"-lista som refererer til dokument som inneholder supplerande informasjon. Denne siste lista kan vera tematisk ordna.

Det er foreslått å bruka ein modefisert Dublin Core til å strukturera metadata [S. Ølnes 2005]:

Tittel	Engelsk tittel	Forklaring og verdi
Tittel	<i>Title</i>	Tittel på dokumentet <b>Verdi:</b> Fritt, men bør samsvara med tittelen som elles blir gitt dokumentet (HTML-tittel).
Emneord	<i>Subject</i>	Emneord frå emneordlista, sjå vedlegg 3.
Målgruppe		Målgruppa for tenesta eller informasjonen <b>Verdi:</b> Alle (standardverdi) Barn Unge Eldre
Informasjonseiga	<i>Creator</i>	Organisasjonen ansvarleg for innhaldet <b>Verdi:</b> Namn på ansvarleg for publikasjonen (vil bli sett inn automatisk)

Geografi	<i>Coverage</i>	Området tenesta eller informasjonen gjeld for. Standardverdi vil vera aktuell kommune for kommunal sektor og heile landet for statlege tenester og informasjon (vil då vera merka med "Alle"). <b>Verdi:</b> (eksempel) 1420 Sogndal
Språk	<i>Language</i>	Språket dokumentet er skrive i (NB! Ikkje målform). Formatet bør følgja tilrådingane i RFC 1766, sjå <a href="http://www.ifi.uio.no/doc/rfc/rfc1766.txt">http://www.ifi.uio.no/doc/rfc/rfc1766.txt</a> og ISO 639:1988 - Code for the representation of names of languages. Standardverdi er <i>Norsk (no)</i> <b>Verdi:</b> no en
Dokumenttype	<i>Type</i>	Dokumenttypane er henta frå Norge.no, men må gjennomgåast og tilpassast LivsIT. <b>Verdi:</b> Informasjonsside [standardverdi] Database Elektronisk saksbehandling Elektroniske publikumsteneste Elektroniske skjema Forskrift Lov Ofte stilte spørsmål Portal Rundskriv Skjema Skjemasamling SMS-teneste Teneste Tenestebeskrivelse Rettleiar
Dato	<i>Date</i>	Dato for klassifisering etter LivsIT-strukturen. Det er datoén for publisering/klassifisering som gjeld. Formatet bør følgja forma YYYY-MM-DD som er ein W3C-profil for ISO 8601. Blir sett inn av publiseringssystemet. <b>Verdi:</b> (eksempel) 2005-09-20 (20. sept. 2005)

Identifikator	<i>Identifier</i>	URL til ressursen (dokumentet), gjeld særleg i dei tilfella der metadata blir lagra skilt frå originaldokumentet. Blir evt. sett inn av publ.systemet. <b>Verdi:</b> http://.....
Relasjon	<i>Relation</i>	URL/URI til gjeldande metadata-struktur (LivesIT-strukturen). Fast verdi, sett inn automatisk av publ. systemet. <b>Verdi:</b> (eksempel) <a href="http://www.norge.no/livsit/struktur.html">http://www.norge.no/livsit/struktur.html</a>
Kunnskaps-dokument		Fasett som skal kunna gi kunnskapsstøtte. Denne fasetten må sjåast i samanheng med dokumenttype og det trengst også ei opprydding i omgrep mellom dei to fasettane. <b>Verdi:</b> (merka med *) Styrande dokument <ul style="list-style-type: none"><li>* Lover og sentrale forskrifter</li><li>* Lokal forskrift</li><li>* Instuks</li><li>* Reglement</li><li>* Regelverk</li><li>* Delegasjon</li><li>* Handbøker</li><li>* Praksisdokument</li><li>* Relevant informasjon [standardverdi]</li><li>* Prosessdokument</li><li>* Verktøy/hjelpemiddel</li></ul>
unnskaps-dokument		Fasett som skal kunna gi kunnskapsstøtte. Denne fasetten må sjåast i samanheng med dokumenttype.. <b>Verdi:</b> (merka med *) Styrande dokument <ul style="list-style-type: none"><li>* Lover og sentrale forskrifter</li><li>* Lokal forskrift</li><li>* Instuks</li><li>* Reglement</li><li>* Regelverk</li><li>* Delegasjon</li><li>* Handbøker</li><li>* Praksisdokument</li><li>* Relevant informasjon [standardverdi]</li><li>* Prosessdokument</li><li>* Verktøy/hjelpemiddel</li></ul>


Metadatastrukturen vil vera avhengig av korleis ein vel å implementera LivesIT-systemet.

## 5. Gjennomføring av prosjektet

Prosjektet er gjennomført av ei arbeidsgruppe. Deltakarane har vore Siv Kvalsvik Haugen og Jan Kåre Fure frå Gloppen kommune, og Øyvind Blakset og Anders Heggdal frå Stryn kommune. Prosjektleiar har vore Terje Aaberge frå Vestlandsforskning. Arbeidet er delvis gjort av prosjektleiar åleine og som gruppearbeid med og utan prosjektleiar.


Etter innleiande diskusjonar laga prosjektleiar eit forslag til informasjonsstruktur som så vart vurdert og utvida av dei andre deltagarane. Utvidinga vart så inkorporert i informasjonsstrukturen og resultatet diskutert i plenum. Grunnlaget for dette arbeidet har vore Nasjonal tenestekatalog og Tematisk meny i norge.no. Prosjektleiar har også studert menystrukturen til ei rekke kommunale vevtenester. Arbeidet har hatt fleire etapper.

Ved kvar etappe har resultatet vorte visualisert ved hjelp av Hyperbolic Tree (<http://sfj.vestforsk.no/ht/kommunen.html>):



Her er synonym og assosiative relasjonar lagt i parentes.

Og av ein representasjon av informasjonsstrukturen som menyen til ei vevteneste (<http://mat.vestforsk.no/>):



Her er informasjonsstrukturen representert som ein meny på to nivå. For nokre få tema har det vore naturleg å legge til eit ekstra nivå med lenker. På siste nivå finn ein emneorda, synonyma (i parentes) og emneorda for dei assosiative relasjonane (i parentes etter 'Sjå også:').

Begge desse visualiseringsmetodane har vore til god hjelp i arbeidet med å konstruera informasjonsstrukturen.

Språkbruk har vore eit viktig diskusjonstema på møta. Spørsmålet har vore i kor stor grad ein legg eit internt perspektiv på val av menytitlar. Ordet "teneste" illustrerer problemstillinga. Nærast alt kommunen gjer kan på ein eller annan måte karakteriserast som tenester. Kommunetilsette vil såleis i utgangspunktet referere til sakshandsaming som ei teneste fordi det frå eit internt synspunkt er ei teneste. For eksempel vil handsaminga av ein søknad om byggeløyve vera ei teneste teknisk etat utfører for teknisk styre. Teknisk styre avgjer så på grunnlag av tilrådinga frå etaten om søknaden skal stettast eller ikkje. Det er sannsynlegvis likevel vanskeleg å finna søkerar som tykkjer at kommunen har gjort dei ei teneste ved å avslå søknaden.

Informasjonsstrukturen skal reflektera semantikken i naturleg språk. Metoden vi har brukt skal sikre at så skjer. Det er likevel naudsynt å testa strukturen på brukarar for å avdekka feil. Det er fleire måtar å teste på. I dette prosjektet har vi berre gjennomført

brukartestar. Vi har satt testpersonen framfor skjermen og gitt han oppgåva å finne fram til visse typar 'informasjon' på <http://mat.vestforsk.no/>.

Testane vart gjennomført i kommunane av deltakarane i prosjektet. Instruksjonen deira var i hovudsak:

Vel 3-4 oppgåver (ord) for kvar testperson. Dei bør vera relevante for denne personen.

Start med ein kort samtale der de legg vekt på at det er systemet som skal testast ikkje testpersonen. Noter ned kjønn og alder, og litt om IT erfaringa til testpersonen. Har han oppkopling til Internett heime? Kor ofte er han på Internett osv.

Spør for kvart val testpersonen gjer, kvifor han gjer dette valet. Noter svaret. Dette er spesielt viktig viss han gjer "feil" val.

Spør også litt rundt korleis han forstår nokre av orda og korleis han ser samanhengane mellom dei.

Oppgåvene var: Testleiar vel eit emneord og spør testpersonen å finna fram til dette emnet. Lista av emneord som vart testa var:

- Legehjelp
- Svangerskapskontroll
- Skulehelseteneste
- Musikkskule
- Konfirmasjon
- Dør til dør transport
- Tryggingsalarm
- Barnehagar
- Familierådgjeving
- Støttekontakt
- Parkeringsløyve for funksjonshemma
- Sosialhjelp
- Søppeltømming
- Byggeløyve
- Skjenkeløyve
- Bustøtte
- Kontantstøtte
- Renovasjonsavgift
- Betaling
- For heimehjelp
- Kontroll av drikkevatn

I alt tretten testpersonar deltok i brukartestinga, åtte kvinner og fem menn. Alderen var mellom 25 og 65 år. Alle var vande internettbrukarar. Dei søkte på mellom fire og nitten av emneorda.

Brukartestinga avdekkja ikkje feil i den teoretisk etablerte informasjonsstrukturen. Ingen av testpersonane hadde problem med første nivået. På andre nivå og tredje nivå

var det nokre mindre problem knytt til nokre av emneorda. Sidan testen må seiast å vera lite systematisk kan vi ikkje dra detaljerte sluttningar frå resultatet av dei.

## 6. Informasjonsstrukturen

I denne systematiske representasjonen av informasjonsstrukturen er nye greiner gitt ved ein-bokstav innrykk, synonyma er lagt i parentes, og dei assosiativt relasjonane er angitt ved hjelp av 'Sjå også:'. Emneorda brukt for å karakterisera innhald i dokument er i prinsippet taksonomitittlane på lauvnivå i taksonomien. I praksis, avhengig av implementeringa av informasjonsstrukturen, vil alle orda under eit visst nivå måtte brukast som emneord (sjå for eksempel <http://mat.vestforsk.no/>).

```
Det offentlege
tenester
arbeidsliv
lærling
lærlingordning
praksisplassar
arbeidstakar
tilsetting
arbeidsløyve
avtalefesta pensjon (AFP)
permisjon
permittering
sjukefråver
sjukepenger
sjukemelding
uførepensjon
yrkesretta attføring
pensjon
arbeidsledig
arbeidsformidling
ledige stillingar
attføring
dagpengar
omskulering
barnevern
besøksheim
fosterheim
hjelpetiltak
barnehageplass
omsorgsovertaking
helse
legevakt
behandling
ergoterapi
fastlege
fysioterapi
psykiatri
behandlingsreise til utlandet
